

TILSYNS- RAPPORT

Ytre kunstfagskole

Tilsyn med fagskolen sitt systematiske kvalitetsarbeid

2022



NOKUT – Nasjonalt organ for kvalitet i utdanningen – er et faglig uavhengig forvaltningsorgan under Kunnskapsdepartementet.



NOKUTs samfunnsoppdrag, oppgaver og faglige uavhengighet er definert i universitets- og høyskoleloven og er nærmere spesifisert i forskrifter. I tillegg utfører NOKUT tilsyns- og forvaltningsoppgaver etter delegasjon fra departementet.



Formålet med NOKUTs virksomhet er å sikre og fremme kvalitet i utdanning ved

- å føre tilsyn med, informere om og bidra til å utvikle kvaliteten i norsk høyere utdanning og høyere yrkesfaglig utdanning
- å godkjenne og informere om utenlandsk utdanning og informere om mulighetene for godkjenning av utenlandsk utdanning og kompetanse i Norge



NOKUTs arbeid skal bidra til at samfunnet kan ha tillit til kvaliteten i norsk høyere utdanning, høyere yrkesfaglig utdanning og godkjent høyere utenlandsk utdanning.



NOKUT bruker sakkyndige i akkrediteringer, tilsyn, evalueringer, godkjenning av utenlandsk utdanning og prosjekter.

Du kan lese mer om arbeidet vårt på nokut.no.



NOKUT er sertifisert som miljøfyrtårn

Institusjon	Ytre kunstfagskole
Sakkyndige	Anne Hagen Bakken, Marthe Dirdal, Lena Svendheim og Henning Skau
Dato for vedtak	13. desember 2022
NOKUTs saksnummer	20/07406

Forord

NOKUT fører tilsyn med kvaliteten ved norske fagskolar og skal bidra til kvalitetsutvikling ved institusjonane. I 2019 gjennomførte NOKUT eit pilotprosjekt med tilsyn med fagskolane sitt systematiske kvalitetsarbeid. Frå 2020 vart dette verkemiddelet etablert som eit nytt tilsyn for fagskolar. Formålet med det periodiske tilsynet er å bidra til å sikre og fremje kvaliteten i utdanningane ved å kontrollere, rettleie og gje råd om vidare utvikling av kvalitetsarbeidet. Alle norske fagskolar skal dokumentere kvalitetsarbeidet sitt. Det interne systemet for kvalitetssikring skal bidra til eit kvalitetsarbeid som utviklar og forbetrar utdanningane, rettar opp eventuell sviktande kvalitet i utdanningane og sikrar fagskoleutdanningane sin yrkesrelevans.

NOKUT har vurdert det systematiske kvalitetsarbeidet ved Ytre kunstfagskole basert på skriftleg dokumentasjon frå fagskolen. Eit sakkunnig panel har kvalitetssikra og gitt innspel til vurderingane i tilsynet. Det sakkunnige panelet har hatt følgjande samansetning:

- Anne Hagen Bakken, leiar for fagskoleavdelinga ved Norges grønne fagskole – Veia
- Henning Skau, nestleiar i Organisasjon for Norske Fagskolestudenter (ONF)
- Marthe Dirdal, rektor ved Fagskolen AOF Norge
- Lena Svendheim, leiar for Avdeling for nettstudier ved Fagskolen Kristiania

I NOKUT si første vurdering fekk Ytre kunstfagskole pålegg om å rette opp manglar i kvalitetsarbeidet. Fagskolen sende 12. september 2022 inn ny dokumentasjon til NOKUT for å vise at han har retta opp dei påpekte manglane. NOKUT har vurdert dokumentasjonen etter oppretting uten sakkunnige.

Denne tilsynsrapporten inneheld NOKUT si første vurdering av kvalitetsarbeidet (kapittel 4) og NOKUT si vurdering av kvalitetsarbeidet etter oppretting (kapittel 5), samt fagskolen si fråsegn til NOKUT si første vurdering (kapittel 1.2) og fagskolen si uttale til den første vurderinga (kapittel 6). Desse dokumenta danna grunnlaget for NOKUT si avgjerd om å avslutte tilsynet.

NOKUT vil takke panelet av sakkunnige for vel utført arbeid. NOKUT vil også takke tilsette og studentar ved Ytre kunstfagskole, som har bidratt til NOKUT sitt arbeid gjennom å dokumentere kvalitetsarbeidet og delta på dialogmøte.

Oslo, 13. desember 2022

Nina Waaler

Tilsynsdirektør

Innehald

1 Oppsummering	5
1.1 NOKUT si første vurdering av kvalitetsarbeidet.....	5
1.2 Fagskolen si fråsegn til første vurdering av kvalitetsarbeidet.....	6
1.3 Vurdering og resultat etter oppretting	9
2 Om tilsynet.....	10
2.1 Tilsynsprosessen	10
2.2 Regelverket	10
3 Om Ålesund kunstfagskole	12
3.1 Fagskoleutdanningar, studiestader og studentar	12
3.2 Presentasjon frå fagskolen.....	12
4 Første vurdering av kvalitetsarbeidet	14
4.1 Overordna drøfting av kvalitetsarbeidet ved Ålesund kunstfagskole.....	14
4.2 Vurdering og konklusjon	15
4.3 Vurdering av tilleggskrava.....	26
4.4 Vedtak etter første vurdering	26
5 Vurdering og konklusjon etter oppretting.....	27
5.1 Om opprettinga.....	27
5.2 Vurdering og konklusjon	27
5.3 Endeleg vedtak.....	33
5.4 Klagerett	33
6 Vedlegg	34
6.1 Fagskolen si uttale til NOKUT si første vurdering.....	34

1 Oppsummering

I tilsynet med kvalitetsarbeidet ved Ålesund kunstfagskole vurderte NOKUT kvalitetsarbeidet etter fagskoletilsynsforskrifta §§ 4-1 og 4-2 første avsnitt. NOKUT har også vurdert kravet til studentombod nedfelt i fagskolelova § 14 a, første avsnitt, og kravet til ekstern evaluering av vurdering eller vurderingsordningane i fagskolelova § 21.

Ålesund kunstfagskole endra namn til Ytre kunstfagskole i løpet av tilsynsprosessen. I første del av tilsynet er fagskolen derfor omtalt som Ålesund kunstfagskole, mens fagskolen er omtalt som Ytre kunstfagskole i opprettinga.

1.1 NOKUT si første vurdering av kvalitetsarbeidet

NOKUT si første vurdering av kvalitetsarbeidet var at Ålesund kunstfagskole hadde utarbeida eit oversiktleg system for kvalitetssikring, som er eit godt fundament for kvalitetsarbeid og kvalitetsutvikling ved fagskolen. Fagskolen dokumenterte også at han gjer mykje godt kvalitetsarbeid.

I NOKUT sin første vurdering av kvalitetsarbeidet var konklusjonen at Ålesund kunstfagskole si skildring av systemet for kvalitetssikring viser ansvarsforholda og rapporteringslinjene i kvalitetsarbeidet. Kvalitetsarbeidet er forankra i styre og leiing ved institusjonen, og tilsynet viser også at fagskolen på ein god måte involverer tilsette og studentar, inkludert eventuelle studentorgan, i kvalitetsarbeidet. Fagskolen dokumenterer vidare at han systematisk hentar inn informasjon og vidareutviklar utdanninga, men dokumenterer ikkje at han i kvalitetsarbeidet hentar inn resultat frå internkontrollen for å vurdere om utdanninga når måla for kvalitet.

I den første vurderinga av kvalitetsarbeidet var NOKUT sin konklusjon at Ålesund kunstfagskole ikkje har utforma tilfredsstillande mål for kvalitet i utdanninga. Sidan krava til kvalitetsarbeidet i fagskoletilsynsforskrifta kapittel 4 tek utgangspunkt i måla for kvalitet i utdanninga, får det følgjer for vurderinga av fleire krav i tilsynet. Innhentinga av informasjon i kvalitetsarbeidet skal nyttast til å vurdere i kva grad utdanninga oppnår fagskolen sine mål for kvalitet. Vurderinga av kvaliteten, som skal ligge til grunn for at fagskolen rettar opp eventuell sviktande kvalitet og utviklar kvaliteten i utdanninga vidare, tek også utgangspunkt i ei vurdering av om fagskolen når kvalitetsmåla. Vi kan derfor ikkje sjå at Ålesund kunstfagskole har dokumentert at fagskolen systematisk hentar inn informasjon frå dei lovpålagde kjeldene for å vurdere om kvar enkelt utdanning når målet for kvalitet. Vidare kan vi ikkje sjå at fagskolen har dokumentert at han nyttar si vurdering av kvaliteten til å rette opp sviktande kvalitet og til å vidareutvikle kvaliteten i utdanninga. Dersom fagskolen fastset tilfredsstillande mål for kvalitet, er NOKUT si vurdering at fleire av dei andre krava til kvalitetsarbeid med enkle grep kan oppfyllest.

NOKUT sin første vurdering var at Ålesund kunstfagskole ikkje oppfyller alle krava til systematisk kvalitetsarbeid i regelverket.

1.2 Fagskolen si fråsegn til første vurdering av kvalitetsarbeidet

Ålesund kunstfagskole si fråsegn til første vurdering

Fagskolen si fråsegn til innstillinga frå NOKUT er fagskolen sitt høve til å uttale seg om tilsynsprosessen og NOKUT si vurdering. Dersom fråsegna inneheld innvendingar til NOKUT sine vurderingar og konklusjonar, vil NOKUT vurdere om vurderingane og konklusjonane skal endrast. Ålesund kunstfagskole leverte 18. august 2021 si fråsegn til NOKUT si innstilling, sjå kapittel 5.2 i denne rapporten. I fråsegna kommenterer fagskolen NOKUT si vurdering av følgjande manglar i fagskolen sitt kvalitetsarbeid:

1. Skolen har ikkje tilstrekkelege mål for kvaliteten i utdanninga.
2. Skolen viser ikkje at han i kvalitetsarbeidet hentar inn resultat frå internkontrollen.

Når det gjeld vurderinga av at Ålesund kunstfagskole ikkje dokumenterer at han systematisk hentar inn resultat frå sin internkontroll for å vurdere om utdanninga oppnår fagskolen sine mål for kvalitet, er fagskolen samd med NOKUT i konklusjonen og uttalar at han så snart som mogleg vil få dette på plass.

Når det gjeld NOKUT si vurdering av Ålesund kunstfagskole sine mål for kvaliteten i utdanninga, og vidare at vurderinga av mål medfører at fleire andre krav i forskrifta vert underkjent i tilsynet, har Ålesund kunstfagskole derimot nokre innvendingar som NOKUT vurderer nedanfor.

NOKUT si vurdering av fråsegna

Om NOKUT si vurdering av mål

Første del av fagskolen si innvending gjeld følgjande krav i fagskoletilsynsforskrifta:

§ 4-1 andre avsnitt

Fagskolen skal fastsette mål for kvaliteten i utdanningene.

§ 4-2 andre punktum

Fagskolens beskrivelse av systemet for kvalitetssikring skal vise målene for kvalitetsarbeidet.

Ålesund kunstfagskole skriv i si fråsegn at det ikkje finst spesifiserte krav i fagskoletilsynsforskrifta til korleis måla skal vere utforma. Vidare skriv fagskolen at verken fagskoletilsynsforskrifta kapittel 4 eller fagskolelova kapittel 3 kjem med føringar på korleis ein institusjon skal definere sine mål. Fagskolen skriv vidare i si fråsegn at sidan det er så open ordlyd i lova, ynskjer Ålesund kunstfagskole å definere mål som er relevante for kvaliteten i si utdanning, og at det er fagskolen sjølv som må definere både kva som er

kvalitet i si utdanning, og kva som vil vere eit godt system for å måle kvaliteten i utdanninga.

NOKUT er samd i at det er fagskolen sjølv som må definere kva som er kvalitet i si utdanning, og at fagskolen sjølv skal formulere mål for kvalitet som er relevante og egna for han, og utvikle eit godt system for å vurdere og sikre kvaliteten i utdanninga. Fagskolen har stor fridom i å utforme mål som uttrykker kva han ser som relevant for å oppnå og vidareutvikle god kvalitet i utdanninga, men det må skje innafor rammene i regelverket. Fagskoletilsynsforskrifta er gitt i medhald av fagskolelova og fagskoleforskrifta, som set rammene for korleis ein tolkar fagskoletilsynsforskrifta.

Det er rett at fagskoletilsynsforskrifta ikkje inneheld spesifiserte krav til korleis måla skal vere utforma, men det er likevel klart av ordlyden i § 4-1 andre avsnitt at måla skal skildre *kvalitet*, og at kvaliteten skal knytast til *sjølve utdanninga*. Det er også slik at måla for kvalitet skal bidra til kvalitetsutvikling, forbetring og yrkesrelevans i utdanninga, slik det går fram av fagskoleforskrifta § 49 (1).

NOKUT si vurdering av måla som Ålesund kunstfagskole har i sitt kvalitetssystem, er at måla i hovudsak gjeld prosessane for kvalitetsarbeidet meir enn kvaliteten i *sjølve utdanninga*. Dermed blir det vanskeleg å sjå kva fagskolen legg i kvalitet, og korleis måla for kvalitet skal gi retning for fagskolen si kvalitetsutvikling. På bakgrunn av dette er NOKUT si vurdering at dei måla Ålesund kunstfagskole har i sitt system for kvalitetssikring, ikkje oppfyller krava i fagskoletilsynsforskrifta §§ 4-1 og 4-2. Fagskolen seier også sjølv at han har potensial for forbetring på dette området, og at han vil ta grep om desse måla i løpet av hausten 2021.

Følgjeverknader av at kvalitetsarbeidet ikkje oppfyller krav til mål for utdanninga

Andre del av fagskolen si innvending gjeld følgjande krav i fagskoletilsynsforskrifta:

§ 4-1 tredje avsnitt

For å vurdere om hver enkelt utdanning når målet for kvalitet, skal fagskolen systematisk innhente a. informasjon frå studenter, ansatte, representanter frå yrkesfeltet og eventuelle andre relevante kilder.

§ 4-1 fjerde avsnitt

Fagskolen skal bruke sin vurdering av kvaliteten til å rette opp sviktende kvalitet og vidareutvikle kvaliteten i utdanningene.

Ålesund kunstfagskole skriv i si fråsegn at det blir

«...heilt feil når NOKUT seier at fordi våre mål ikkje er gode nok, så «tel» ikkje vår dokumentasjon på at vi systematisk innhentar informasjon frå studentar, tilsette og representantar frå yrkesfeltet. Heller ikkje tel vår dokumentering av at vi brukar vår vurdering av kvaliteten til å rette opp sviktande kvalitet, eller at vi brukar vurderinga til å vidareutvikle kvaliteten i utdanninga». Fagskolen viser vidare til at NOKUT i

innstillinga «konstaterer at fagskolen har gode prosedyrar for å hente inn informasjon frå dei ulike kjeldene, og prosedyrar på korleis informasjonen skal brukast, analyserast og følgjast opp.»

NOKUT er samd i at Ålesund kunstfagskole har utvikla gode system for innhenting av informasjon i kvalitetsarbeidet, og at fagskolen dokumenterer at han vurderer kvaliteten i utdanninga og gjer tiltak på bakgrunn av denne vurderinga. Dette går fram av vår vurdering i kapittel 4 i denne rapporten. Når NOKUT vurderer at desse krava likevel ikkje er oppfylte, skyldast det ein følgjeverknad av at kravet om fastsetting av mål for kvaliteten i utdanninga ikkje er oppfylt.

Av ordlyden i fagskoletilsynsforskrifta § 4-1 tredje avsnitt følgjer det at første del av kravet set rammer for krava som følgjer av bokstavane a og b. Det vil seie at innhentinga av informasjon skal skje 1) «for å vurdere om hver enkelt utdanning når målet for kvalitet» og 2) på ein «systematisk» måte. I kravet er det dermed ein heilt eksplisitt samanheng mellom innhenting av informasjon og vurdering av om utdanninga når «målet for kvalitet». Fagskolen skal samle inn informasjon frå ulike kjelder som kan gje innspel på kvalitet i utdanninga ut frå dei måla fagskolen har for kvaliteten. Når måla ikkje tydeleg angir fagskolen sitt syn på kvalitet i utdanninga, kan NOKUT dermed heller ikkje sjå at kravet til å samle inn informasjon er oppfylt. Det gjeld sjølv om vi gir fagskolen gode tilbakemeldingar på det systemet han har for å hente inn informasjon frå dei ulike kjeldene.

Når det gjeld kravet om at fagskolen skal bruke si vurdering av kvaliteten til å rette opp sviktande kvalitet og vidareutvikle kvaliteten i utdanningane, er det på same måte slik at første del av kravet set rammer for dei krava som følgjer. Fagskolen si vurdering av om måla er oppnådde, som er basert på innsamla informasjon og resultat i kvalitetsarbeidet, skal altså vere styrande i fagskolen si retting av eventuell svikt i kvaliteten og i fagskolen si vidareutvikling av utdanninga. Begge krava må dermed tolkast i lys av fagskolen sine mål for kvalitet. Når måla ikkje tydeleg uttrykker kva fagskolen legg i kvalitet, kan NOKUT heller ikkje sjå at kravet om å vurdere tiltak for å rette opp svikt i kvalitet eller vidareutvikle kvaliteten er oppfylt. Dette gjeld sjølv om vi i tilsynsrapporten gir fagskolen gode tilbakemeldingar på systemet han har utvikla for å vurdere og sette i verk tiltak på bakgrunn av innhenta informasjon.

På denne bakgrunnen kan ikkje NOKUT sjå at Ålesund kunstfagskole sine innvendingar i fråsegna gjer grunnlag for å endre NOKUT sine vurderingar og konklusjonar i tilsynet.

NOKUT si vurdering er at Ålesund kunstfagskole har utvikla eit godt fundament i sitt noverande kvalitetssystem. Når fagskolen har tatt grep om målformuleringane og fått på plass eit system for å hente inn informasjon frå sin internkontroll som del av kvalitetsarbeidet, har NOKUT tiltru til at kvalitetsarbeidet med enkle grep vil kunne oppfylle også dei andre krava.

1.3 Vurdering og resultat etter oppretting

I tilsyn med kvalitetsarbeidet ved Ålesund kunstfagskole fatta NOKUT vedtak 15. september 2021 om at fagskolen har manglar i kvalitetsarbeidet. NOKUT ga fagskolen frist til 15. september 2022 for å dokumentere at han har retta opp dei påpekte manglane i samsvar med fagskoletilsynsforskrifta §§ 4-1 og 4-2.

Etter NOKUT sitt vedtak om oppretting har NOKUT sett i gang eit arbeid med å greie ut ordlyden i § 4-1 tredje ledd bokstav b, og derfor er dette kravet teke ut frå tilsynet med fagskolens kvalitetsarbeid etter oppretting. Fagskolen skal i opprettinga dokumentere at han har retta opp dei påpekte manglane i fagskoletilsynsforskrifta § 4-1 andre ledd og § 4-2 første ledd:

§ 4-1. Fagskolens systematiske kvalitetsarbeid:

Fagskolen skal fastsette mål for kvaliteten i utdanningene.

For å vurdere om hver enkelt utdanning når målet for kvalitet, skal fagskolen systematisk innhente

a. Informasjon fra studenter, ansatte, representanter fra yrkesfeltet og eventuelt andre relevante kilder.

Fagskolen skal bruke sin vurdering av kvaliteten til å rette opp sviktende kvalitet og videreutvikle kvaliteten i utdanningene.

§ 4-2. Fagskolens system for kvalitetssikring:

Systemet for kvalitetssikring er fagskolens verktøy for å gjennomføre kvalitetsarbeidet, jf. fagskoleforskriften § 49. Fagskolens beskrivelse av systemet for kvalitetssikring skal vise målene for kvalitetsarbeidet, [og] hvordan arbeidet skal gjennomføres.

Ytre kunstfagskole sende 12. september 2022 inn ny dokumentasjon til NOKUT.

NOKUT si vurdering etter oppretting er at Ytre kunstfagskole dokumenterer at han har retta opp manglane i fagskoletilsynsforskrifta, slik at fagskolen oppfyller dei vurderte krava i fagskoletilsynsforskrifta §§ 4-1 og 4-2.

2 Om tilsynet

2.1 Tilsynsprosessen

Ålesund kunstfagskole blei 26. august 2020 beden om å dokumentere til NOKUT korleis kvalitetsarbeidet oppfyller krava til kvalitetsarbeid i fagskoletilsynsforskrifta kapittel 4. I tillegg blei fagskolen beden om å dokumentere

- kravet om studentombod nedfelt i fagskoleloven § 14 a. første avsnitt
- kravet om ekstern evaluering av vurderinga eller vurderingsordningane nedfelt i fagskolelova § 21 første avsnitt, siste setning

Fagskolen sende inn dokumentasjon innan fristen 13. januar 2021, og supplerande dokumentasjon 17. februar 2021. NOKUT gjennomførte dialogmøte med Ålesund kunstfagskole 2. juni 2021 og 1. november 2021.

I NOKUT sin første vurdering var konklusjonen at Ytre kunstfagskole ikkje oppfyller alle krava til systematisk kvalitetsarbeid i regelverket, og fagskolen blei i vedtak av 15. september 2021 pålagt å dokumentere at han har retta opp dei påpekte manglane i fagskoletilsynsforskrifta §§ 4-1 andre ledd og 4-2 første ledd. Fagskolen sende inn ny dokumentasjon til NOKUT 12. september 2022.

Vurderingane i denne innstillinga er baserte på dokumentasjonen frå fagskolen. Oversikt over den skriftlege dokumentasjonen er tilgjengeleg i elnnsyn – offentleg elektronisk postjournal.

2.2 Regelverket

Fagskolene sitt kvalitetsarbeid er regulert i lov om høgere yrkesfaglig utdanning (fagskolelova), fagskoleforskrifta § 49 og fagskoletilsynsforskrifta kapittel 4. Krav til fagskolens kvalitetsarbeid.

Fagskoleloven § 4 tredje avsnitt

Fagskoler skal ha tilfredsstillende interne systemer for kvalitetssikring. Studentevalueringer skal inngå i disse systemene. Departementet gir forskrift om krav til kvalitetssikringssystemer og kvalitetsarbeid.

Fagskoleforskriften § 49 første avsnitt

Fagskoler skal ha et tilfredsstillende internt system for kvalitetssikring av utdanningen som bidrar til kvalitetsutvikling, forbedringer og fagskoleutdanningenes yrkesrelevans, gir tilfredsstillende dokumentasjon av kvalitetsarbeidet ved institusjonen og avdekker eventuell sviktende kvalitet i fagskoleutdanningene.

Fagskoleforskriften § 49 fjerde avsnitt

Dersom NOKUT i forbindelse med et tilsyn med kvalitetsarbeidet finner at dette ikke er tilfredsstillende ved en fagskole som gir akkreditert fagskoleutdanning, skal fagskolen gis pålegg om å rette opp forholdene innen en frist på inntil ett år. Dersom NOKUT etter nytt tilsyn finner at kvalitetsarbeidet fortsatt ikke er tilfredsstillende, skal NOKUT treffe vedtak som fratrar fagskolen retten til å søke om akkreditering av nye fagskoleutdanninger. Fagskolen kan kreve nytt tilsyn med kvalitetsarbeidet når det har gått ett år etter at retten til å søke om akkreditering av fagskoleutdanning ble trukket tilbake.

Fagskoletilsynsforskrifta §§ 4-1 og 4-2 fastset utfyllande reglar til fagskoleforskrifta sine reglar om fagskolene sitt kvalitetsarbeid i § 49. Krava i fagskoletilsynsforskrifta §§ 4-1 og 4-2 kjem fram i kapittel 4 i denne innstillinga.

3 Om Ålesund kunstfagskole

3.1 Fagskoleutdanningar, studiestader og studentar

Studietilbod	Studiepoeng	Studiestad	Undervisningsform	Studentar høst 2020
Visuelle kunstfag	120	Ålesund	Stedbasert	25

3.2 Presentasjon frå fagskolen

Skildring av institusjonelle særtrekk

Ålesund kunstfagskole (ÅKS) er ein liten skole med studenttal som varierer mellom 20 og 40 studentar. Svinging i talet på studentar handlar om kor mange kvalifiserte søkjarar skolen får kvart år. Kvalifikasjon blir vurdert gjennom opptaksprøve. Studentane kjem frå heile landet men 55 – 70 % kjem frå Møre og Romsdal.

Skolen starta opp som fulltids kunstutdanning i januar 1998, vart godkjent som fagskole i 2006, og er eigd av Stiftelsen Ålesund kunstscole som vart oppretta i 2005. ÅKS er leia av rektor, som er fagleg og pedagogisk leiar i 100% stilling, og av kontorleiar, som også er dagleg leiar av stiftelsen Ålesund kunstscole, i 100% stilling.

Skolen har fem fast tilsette lærarar i stillingsprosentar på mellom 35 og 50%. Vidare engasjerast om lag 10 gjestelærarar kvart skoleår, samt andre resurspersonar som vert henta inn til forelesingar, artist talks og work-shops.

Det er eit krav til alle våre lærarar at dei skal vere yrkesaktive innanfor sin profesjon. Med så små stillingar blir då undervisninga mogleg å gjere ved sidan av å vere yrkesaktiv biletkunstnar eller handverkar. Vi ser på dette som ein essenes i det kontinuerlege arbeidet med å halde utdanninga yrkesrelevant og tidsaktuell.

Det at skolen ligg i Ålesund skaper ein del utfordringar men også gode moglegheiter for oss som tilbyr ei kunstfagleg utdanning. Ei stor utfordring er at kunstmiljøet er lite og kunststusjonane er få. Her er lite tilgang på utstillingar og kunstprosjekt som viser både nyare og eldre kunst. Dette gir oss utfordringar med tanke på all den kunnskapen om fagfeltet i samtida som ein blir oppdatert på gjennom å sjå mykje ny kunst. At Ålesund ikkje er eit kunstsentrum er truleg også ein av grunnane til at vi ikkje har fleire søkjarar. Men vår styrke og potensiale ligg i nærleiken vi har til yrkesfeltet. Det er få kunstnarar i Ålesund, men dei som er her organiserer seg godt og er svært aktive. Miljøet er lite og oversiktleg og vi som skole introduserer studentane raskt til fagmiljøet. Vi har gjennom fleire år hatt eit prinsipp om at våre faste lærarar skal bu og ha sitt virke i vår del av landet. Dette gjer vi både fordi vi erfarer at dette gjer skulen til ein del av det kunstfaglege miljøet her, men også fordi det styrker lærarane sitt eigarskap til skulen, noko som gjer oss meir robuste. Vi er slik sett fleire som driv skulen sjølv om administrasjonen er liten. Det at våre lærarar er sterke resurspersonar i fagmiljøet betyr også at studentane vert synlege og til stades i kunstmiljøet, men også at kunstnarane er synlege og tilgjengeleg for studentane. Dette er ein særprega og viktig kvalitet ved utdanninga ved Ålesund kunstfagskole.

Vi er også i den situasjon at både rektor og dagleg leiar starta i sine stillinga i august 2019. Skolens tidlegare styre avslutta sin perioden ved årsskiftet 2019/2020 og eit interimstyre gjekk inn for året 2020. Eit nytt styre skal konstituerast i januar 2021. Dette skal sitte i fire år. Rektor hadde dei siste sju åra hatt ei stilling som inspektør ved skolen og kjende skulen godt. Men endringa i leiing har medført at så å seie alle skolens system, rutinar, praksisar og avtalar har blitt revidert. Her har målet vore å rydde opp, modernisere, digitalisere og gjere drifta så oversiktleg og føreseieleg som mogleg. Ein viktig del av dette har vore arbeidet med det systematiske kvalitetsarbeidet.

Dette vil igjen seie at det kvalitetssystemet som blir skildra og dokumentert her er nytt og dermed ikkje viser arbeid og mål gjennom fleire år. Det nye systemet bygger på vårt gamle system og vi har valt å vidareføre enkelte rutinar som vi meiner har fungert godt. Dette gjeld mellom anna Kvalitetssikringsgruppa (KSG), som blir skildra i kapittel 1 i dette dokumentet. Den viktigaste grunnen til at vi ynskter ei omfattande revidering av kvalitetssystemet var at vi i langt større grad ville at systemet skulle brukast for å sikre fagleg nivå på utdanninga. Det gamle systemet utnytta ikkje potensialet for innhenting av kunnskap godt nok. I dette ligg at vi no vurderer mål opp mot læringsutbytta våre og at evalueringane i stor grad bygger på dialogar framfor rangering og poeng. Dersom vi skal kunne utbetre og utvikle oss på bakgrunn av evalueringar må vi vite kva i undervisinga som gjer at resultatane blir som dei blir. Først då kan vi vurdere kva tiltak som skal settast inn. Vi legg ved årsrapport frå dei to siste år slik det er mogleg å sjå dei dei stega vi har tatt i kvalitetsarbeidet det siste året.

ÅKS er den einaste kunstfagskolen nord for Bergen. Vi er medlem av Forum for kunstfaglig utdanning (FORUMET) noko som er eit viktig samarbeid for oss. Her gjer vi ein del politisk arbeid i lag, og vi er resursar for kvarandre i alle slags spørsmål knytt til drift av skolen. ÅKS har ingen formelle samarbeid med kunsthøgskolar i Noreg, men har sidan 2017 hatt eit formelt samarbeid med Duncan of Jordanstone College of Art and Design (DJCAD) i Skottland. Samarbeidet formaliserast gjennom treårige avtalar og omfattar både studiemoglegheiter for våre studentar, lærarutveksling, kompetanseutveksling og studentsamarbeid. Samarbeidet har blitt ein god resurs for oss.

Eit særtrekk ved vår utdanning er at studenten kontinuerleg blir utfordra. Ei kunstutdanning er svært krevjande, også på eit personleg plan. For å ha ein fagleg progresjon må ein gjere ting ein kanskje er ukomfortabel med. Ein vert utfordra på å finne si eiga stemme; altså kva er ditt uttrykk, dine meiningar, dine erfaringar. Vi er sjølvstøtt opptatt av både etikken og ivaretaking av den enkelte student i dette, men må vere budd på at slike ting kan slå ut i evalueringar. Då er dei interne dialogane rundt tilbakemelding viktige for å halde stø kurs.

Studentmedverknad styrkar ÅKS. Storleiken på skolen gjer avstandane mellom student, lærar og administrasjon kort, og alle blir godt kjende med kvarandre. Dette medfører mange samtalar om undervisinga i uformelle situasjonar. Skolen har eit studentråd som er samansett av to representantar frå kvar klasse. Det er jo opp til studentane å velje om dei ønsker eit studentråd, men administrasjonen kallar saman til møte om dette i starten på skuleåret der ein informerer om retten til å ha eit studentorgan, og oppmodar om at det blir valt eit slikt. Studentrådet driv seg sjølv og rektor deltek på møte berre om studentrådet ber om dette. Leiaren i studentrådet er studentane sin representant i styret.

Skolen har også ei miljøgruppe som planlegg og gjennomfører ei rekke sosiale arrangement for studentane utanom skoletida. Gruppa har eit eige budsjett til aktivitetar, og ein av lærarane fyljer opp miljøgruppa som ein del av si stilling.

Hausten 2020 vart skolen medlem av Studentsamskipnaden i Ålesund.

4 Første vurdering av kvalitetsarbeidet

4.1 Overordna drøfting av kvalitetsarbeidet ved Ålesund kunstfagskole

Ålesund kunstfagskole har relativt ny leing og nytt styre, og laga i 2020 eit nytt system for kvalitets sikring. Det nye kvalitetsutviklingssystemet er oversiktleg og verkar å vere tilpassa størrelsen og profilen til fagskolen. Det er positivt at fagskolen har laga eit system som verkar hensiktsmessig for institusjonen. Fagskolen har gjort eit godt grep i å organisere kvalitetsarbeidet ut ifrå kvalitetsområde, som i all hovudsak er relevante.

Kvalitetsutviklingssystemet er tydeleg på kva som skal gjerast, korleis det skal gjerast, og kven som har ansvar for kva. Dermed er det nye kvalitetsutviklingssystemet eit godt fundament for fagskolen, og det kan vere eit godt verktøy for kvalitetsarbeidet. Særleg er kvalitetsutviklingsgruppa ved fagskolen eit svært godt grep. Gruppa gjer også at fagskolen har ei god involvering av studentar i kvalitetsarbeidet.

Kvalitetsutviklingssystemet til Ålesund kunstfagskole har to sentrale manglar som får konsekvensar for kvalitetsarbeidet og for konklusjonane i dette tilsynet. Den første er at fagskolen ikkje har tilstrekkelege mål for kvalitet i utdanninga. Krava til fagskolen sitt kvalitetsarbeid tek utgangspunkt i måla for kvalitet, og innhenting av informasjon er for å vurdere i kva grad ein oppnår måla. Denne mangelen blir derfor svært utslagsgjevande. Fagskolen må lage mål som tydelegare definerer kva fagskolen meiner skal til for å få kvalitet i utdanninga. Fagskolen må deretter sørge for at informasjonen som blir henta inn, kan nyttast til å vurdere i kva grad fagskolen når måla. Når fagskolen lagar seg nye mål, bør han også sørge for å gjere det tydeleg kva som vil vere sviktande kvalitet i utdanninga. Inndeling i kvalitetsområde og oppsettet fagskolen har i sitt kvalitetsutviklingssystem, gir fagskolen eit godt fundament å byggje på.

Den andre mangelen er at fagskolen ikkje viser at han i kvalitetsarbeidet hentar inn resultat frå internkontrollen. Vidare viser ikkje fagskolen at han vurderer resultatata for å sjekke om han når måla i utdanninga, og at han bruker dette til å vidareutvikle utdanninga. Fagskolen må gjere greie for kva resultat frå internkontrollen institusjonen skal bruke til å vurdere om måla for kvalitet er nådde, kven som har ansvar for innhentinga og oppfølginga, og korleis innhentinga skal gjennomførast. Dette fordrar at fagskolen har tilstrekkeleg internkontroll han kan innhente relevante resultat frå.

Det er tydeleg dokumentert at det skjer mykje godt kvalitetsarbeid ved Ålesund kunstfagskole. Fagskolen har vist at institusjonen systematisk hentar inn informasjon og vidareutviklar utdanninga. Fagskolen har lagt eit godt fundament med sitt nye kvalitetsutviklingssystem, og vi anbefalar at fagskolen byggjer vidare på dette arbeidet i vidareutviklinga av kvalitetssystemet.

4.2 Vurdering og konklusjon

§ 4-2 Fagskolen sitt system for kvalitetssikring

§ 4-2 Systemet for kvalitetssikring er fagskolens verktøy for å gjennomføre kvalitetsarbeidet, jf. Fagskoleforskriften § 49. Fagskolens beskrivelse av systemet for kvalitetssikring skal vise målene for kvalitetsarbeidet, hvordan arbeidet skal gjennomføres, ansvarsforholdene og rapporteringslinjene.

Vurdering

Fagskolen skal fastsette mål for kvaliteten i utdanningane (jamfør fagskoletilsynsforskrifta § 4-1), og fagskolen si skildring av systemet for kvalitetssikring skal vise måla for kvalitetsarbeidet (jamfør fagskoletilsynsforskrifta § 4-2). Både måla for kvalitetsarbeidet og måla for kvalitet i utdanninga er delar av fagskolen sitt system for kvalitetssikring, og desse krava er følgeleg vurdert samla i dette kapittelet.

Måla for kvalitetsarbeidet og kvaliteten i utdanninga

Fagskolen har valt seg følgjande kvalitetsområde:

1. læringsutbytte/læringsmål
2. studiemiljøet sine ytre og indre faktorar
3. gjennomføring av studiet
4. fagleg nivå på undervising og studentprestasjonar
5. utdanninga sin relevans
6. HMS
7. systemkontroll

Det er eit godt grep at fagskolen har valt kvalitetsområde for å angi kva tema han ser på som viktig for kvaliteten i utdanninga. Fagskolen har satt mål ut frå desse kvalitetsområda. Det gir ei god ramme for kvalitetsarbeidet. Kvalitetsområda er i hovudsak relevante. Dei fyste fem områda er godt eigna for å vurdere kvaliteten i utdanninga. Alle delar av HMS er ikkje like relevante for å vurdere kvaliteten i utdanninga, og systemkontroll handlar i større grad om prosessen enn om kvaliteten i utdanninga. I årsrapporten for 2019–2020 går det fram at fagskolen vurderer dei fastsette måla.

Dei fleste måla for dei ulike kvalitetsområda er formulerte meir som mål for prosessane for kvalitetsarbeidet enn som mål for kvaliteten i sjølve utdanninga. I fleire tilfelle er det uklart om det er meint å vere mål for kvalitet i utdanninga eller mål for prosessane. Mange av måla er også utydeleg formulerte. Det er vanskeleg å sjå korleis måla skal gi retning for kvalitetsutviklinga ved fagskolen, eller kva fagskolen vil anse for å vere sviktande kvalitet ut frå måla han har sett.

Nokre av måla er heller ikkje formulerte som mål, for eksempel ved at dei ikkje er tydeleg formulerte og målbare. Eit eksempel er målet som berre er formulert som «statistikk». Dei måla som i størst grad er utforma som mål for kvalitet, finn ein på kvalitetsområde 6 «HMS». Eit anna eksempel på eit mål som er utforma som eit kvalitetsmål, er målet om at alle studentar gjennomfører utdanninga.

Sjølv om nokre av måla fagskolen har sett er relevante, er dei samla ikkje tilstrekkelege som mål for å vurdere kvaliteten i utdanninga. Fagskolen må sette seg tydelegare mål for kvaliteten i utdanninga slik at vurderingane fagskolen gjer, blir tydeleg retta mot kvaliteten i utdanninga og ikkje berre kvaliteten i prosessane. Fagskolen må også tydeleggjere kva han legg i sviktande kvalitet i utdanninga. Den informasjonen fagskolen hentar inn i kvalitetsarbeidet, må vere egna til å kunne vurdere måla. Vi vil også anbefale fagskolen å arbeide vidare med fleire av prosessmåla slik at dei ikkje berre er stikkord, men formulerte slik at dei gir meir mening for tilsette og studentar. Diskusjonen fagskolen har kring kva som er kvalitet i utdanninga, bør ligge til grunn for kvalitetsarbeidet og fastsetting av mål og eventuelle indikatorar. Fagskolen har eit godt utgangspunkt for dette gjennom dei kvalitetsområda han har fastsett.

Gjennomføring

Fagskolen har lagt fram dokumentet «System for kvalitetsutvikling ved Ålesund kunstfagskole» som sitt system for kvalitetssikring. Systemet viser ikkje i tilstrekkeleg grad korleis kvalitetsarbeidet skal gjerast.

Kvalitetsutviklingssystemet består av følgjande kapittel:

- 1) Kvalitetsarbeid ved ÅKS
- 2) Krav til kvalitetssikringssystem
- 3) Ansvar og rutinar
- 4) Skildring av kvalitetssikringssystemet ved ÅKS
- 5) Vedlegg

Kapittel 1 er ei skildring av korleis Ålesund kunstfagskole forstår kvalitet i utdanninga. Kapittel 2 er ei tilvising til lover og forskrifter som har krav til kvalitetssikringssystemet ved fagskolar. Kvalitetsutviklingssystemet viser i dette kapittelet til den gamle fagskoletilsynsforskrifta og er ikkje oppdatert etter ny forskrift.

Kapittel 3 gir ei oversikt over dei ulike elementa i systemet. Her gjer fagskolen greie for kvalitetsarbeidet, som omfattar planarbeid, pedagogisk utviklingsarbeid, studentmedverking, systematiske evalueringar, ad hoc-evalueringar, HMS-arbeid og samfunnsoppdrag. Til slutt er det ein kalender som viser når dei ulike aktivitetane skal finne stad.

Kapittel 4 gir ei oversikt over Ålesund kunstfagskole sine kvalitetsområde og dei prosessane fagskolen har knytt til dei ulike områda. Her går det fram kven som er del av prosessen, kva oppgåver dei har, og korleis arbeidet skal gjerast. Kapittelet skildrar også mål for arbeidet,

intervall for prosessen, korleis informasjonen skal analyserast, og kven som har ansvar for prosessen og oppfølginga.

Ålesund kunstfagskole har i utgangspunktet ei god skildring av korleis dei ulike delane av kvalitetsarbeidet skal gjerast. Fagskolen har ei ryddig framstilling av innhaldet i kvalitetsarbeidet for dei ulike kvalitetsområda. Systemskildringa er forståeleg, og det er delvis mogleg å sjå korleis dei ulike delane i systemet er meint å fungere saman.

For kvart kvalitetsområde går det fram korleis informasjonen som vert henta inn, skal analyserast, og korleis informasjonen skal følgjast opp. Systemskildringa viser at fagskolen systematisk skal hente inn informasjon frå studentar, lærarar, aktørar i yrkesfeltet og eksterne sensorar. I tillegg legg fagskolen opp til evalueringar etter større endringar i undervisningsopplegg eller pedagogisk praksis. Når det gjeld innhenting av informasjon frå aktørar i yrkesfeltet, er det ikkje skildra at dette skal gjerast under «3.4 systematiske evalueringar», men det går fram under kvalitetsområde 5 «Utdanninga sin relevans» at det skal innhentast informasjon frå aktørar i yrkesfeltet. Systemet legg også opp til at fagskolen skal bruke gjennomføringsstatistikk som kjelde i sitt kvalitetsarbeid.

Som nemnt har fagskolen ikkje tydeleg nok formulert måla for kvaliteten i utdanninga eller kva fagskolen reknar for å vere sviktande kvalitet. Det er derfor uklart korleis informasjonen som vert henta inn, skal vurderast opp mot *måla for kvalitet*. Systemet viser ikkje rutinar for kva som skal gjerast ved sviktande kvalitet. Fagskolen har heller ikkje skildra rutinar for korleis fagskolen skal hente inn resultat frå internkontrollen for å vurdere om måla er nådde.

Mangelen på tydelege mål for kvaliteten i utdanninga og måten fagskolen hentar inn resultat frå internkontrollen gjer at det ikkje er tydeleg skildra korleis fagskolen skal gjennomføre vurderinga av informasjonen og resultat opp mot måla i sitt kvalitetsarbeid. Skildringa av gjennomføringa er derfor ikkje i tråd med krava i forskrifta.

Ansvarsforhold

Ansvarsforholda er tilfredsstillande skildra i kvalitetsutviklingssystemet. Fagskolen har delt dei ulike kvalitetsområda inn i ei ryddig skjematisk oppstilling, der det står kva som skal gjerast, korleis det skal gjerast, når og i kva form det skal skje, kven som har ansvar for at informasjonen vert henta inn, korleis informasjonen skal analyserast, og kven som skal følgje opp. Det er dermed tydeleg kven som har ansvar for dei ulike aktivitetane. Fagskolen har også gjort det tydeleg kven den ansvarlege skal samarbeide med. Rektor er i hovudsak ansvarleg for dei fleste delane av kvalitetsarbeidet. Som fagleg leiar har rektor ansvar for revidering av studieplanen og for å sette opp timeplan og årsplan. Rektor og dagleg leiar har ansvar for kompetansehevingsplanen for tilsette, medan dagleg leiar har ansvar for personalpolitikken. Det er også tydeleg kva delar av kvalitetsarbeidet styret har ansvar for.

Rapporteringslinjer

Rapporteringslinjene er tilfredsstillande skildra i kvalitetsutviklingssystemet. Systemet seier kven dei ansvarlege skal rapportere vidare til. Ålesund kunstfagskole er ein liten fagskole, og rektor sit med hovudansvaret for gjennomføringa av kvalitetsarbeidet.

Rapporteringslinjene går derfor frå tilsette og studentar, via rektor og kvalitetsutviklingsgruppa, og vidare til styret og tilbake igjen. Det er tydeleg korleis rektor skal samarbeide med dei tilsette om kvalitetsarbeidet, og det går fram at fagskolen skal lage ein årleg kvalitetsrapport til styret om kvaliteten i utdanninga.

Det går fram av kvalitetsutviklingssystemet at kvalitetsgruppa rapporterer til styret om funna i kvalitetsarbeidet. Dette kjem også tydeleg fram i kvalitetsrapporten. Lærarane har ansvar for å snakke med studentane om kvalitetsarbeidet, og rektor skal samarbeide med lærarane om tiltaka. I dette ligg det implisitt at også informasjonen tilbake til dei tilsette og studentane er ivaretatt, sjølv om dette ikkje er eksplisitt skildra i systemet. Ettersom to studentar og ein lærar er ein del av kvalitetsutviklingsgruppa, blir dei sikra informasjon om kvalitetsarbeidet gjennom denne gruppa.

Delkonklusjonar

Fagskolen si skildring av systemet for kvalitetssikring viser ikkje måla for kvalitetsarbeidet.

Fagskolen si skildring av systemet for kvalitetssikring viser ikkje korleis arbeidet skal gjennomførast.

Fagskolen si skildring av systemet for kvalitetssikring viser ansvarsforholda.

Fagskolen si skildring av systemet for kvalitetssikring viser rapporteringslinjene.

§ 4-1 Fagskolen sitt systematiske kvalitetsarbeid

§ 4-1 Fagskolens kvalitetsarbeid skal være forankret i fagskolens styre og ledelse. Fagskolen skal involvere ansatte og studenter, inkludert eventuelle studentorganer, i kvalitetsarbeidet.

Fagskolen skal fastsette mål for kvaliteten i utdanningene.

For å vurdere om hver enkelt utdanning når målet for kvalitet, skal fagskolen systematisk innhente

- a. Informasjon fra studenter, ansatte, representanter fra yrkesfeltet og andre relevante kilder
- b. Resultater fra fagskolens internkontroll, jf. Fagskoleloven § 9 tredje ledd bokstav f.

Fagskolen skal bruke sin vurdering av kvaliteten til å rette opp sviktende kvalitet og videreutvikle kvaliteten i utdanningene.

Vurdering

Forankring

Ålesund kunstfagskole har dokumentert at kvalitetsarbeidet er forankra i styret og i leiinga. Fagskolen har lagt fram årsrapportar, kvalitetsutviklingssystem og utskrifter frå styremøte som dokumentasjon på forankringa.

Fagskolen sitt kvalitetsutviklingssystem er vedtatt i styret, og styret behandlar også dei årlege kvalitetsrapportane. Kvalitetsutviklingssystemet viser tydeleg styrets ansvar i kvalitetsarbeidet. Fagskolen har dokumentert tilstrekkeleg forankring av kvalitetsarbeidet i styret.

Fagskolen har i skildringa av institusjonelle særtrekk informert om at rektor ved fagskolen er både fagleg og pedagogisk leiar. Ettersom fagskolen er liten, er leiinga ved rektor tett på utdanninga ved fagskolen. Årsrapporten frå kvalitetsutviklingsgruppa for 2019–2020 viser rektor sine synspunkt og utgreiingar for dei ulike kvalitetsområda som fagskolen har valt seg, og at rektor er aktiv i kvalitetsarbeidet ved fagskolen. Fagskolen sitt kvalitetsarbeid er dokumentert forankra i leiinga ved fagskolen.

Involvering

Kravet om at fagskolen skal involvere tilsette og studentar/studentorgan i kvalitetsarbeidet, kom inn i den nye fagskoleforskrifta som gjeld frå hausten 2020. Dokumentasjonen fagskolen har sendt inn, er i hovudsak produsert før dette. Sidan kravet er nytt, vil vi i dette tilsynet primært legge vekt på om fagskolen sitt kvalitetssikringssystem har lagt til rette for slik involvering i gjennomføringa av kvalitetsarbeidet.

Studentar

Ålesund kunstfagskole har dokumentert god involvering av studentar i kvalitetsarbeidet. Fagskolen har lagt fram kvalitetsutviklingssystemet, referat frå møte og evalueringar som dokumentasjon på at tilsette og studentar er involverte i kvalitetsarbeidet.

I kvalitetsutviklingsystemet står det at fagskolen har eit studentråd, som blir valt på allmøte i starten av skoleåret, og som driv seg sjølv. Leiinga ved fagskolen skal leggje saker fram for studentrådet til uttale, vedtak eller for høyringssvar.

Studentane er representerte i fagskolestyre og kvalitetsutviklingsgruppa. Kvalitetsutviklingsgruppa er ei arbeidsgruppe med ekstern leiar, ein lærar og ein student frå kvar klasse. Gruppa er sett ned av styret, får lagt fram alle evalueringane gjennom året og utformar på slutten av skoleåret ein årsrapport som blir lagt fram for styret. Fagskolen har lagt fram kvalitetsutviklingsgruppas årsrapport for 2018 og 2019. Gjennom kvalitetsutviklingsgruppa sørger fagskolen for at studentane er involverte i kvalitetsarbeidet, både i vurderinga av informasjonen som vert henta inn gjennom systemet, og i forslag til tiltak som går til styret.

Vidare har fagskolen lagt opp til at studentane evaluerer utdanninga. Etter at lærarane har diskutert studentevalueringane, vert studentane inviterte inn til eit møte for å diskutere lærarane sine synspunkt. Fagskolen har lagt ved referat frå eit slikt møte, som viser at det har vore ein gjennomgang av kvalitetsarbeidet med studentane i andre året ved fagskolen. Referatet gjer det synleg kva for tema innan kvalitetsarbeid som blei lagde fram, men ikkje kva som blei sagt, eller kva for tiltak som blei foreslått eller gjennomført. Likevel viser møtet at fagskolen involverer og informerer studentane i kvalitetsarbeidet.

Vi meiner fagskolen si involvering av studentar i kvalitetsarbeidet er svært god. Det er spesielt positivt at fagskolen har to studentar frå begge årskull i kvalitetsutviklingsgruppa. Dette sikrar god forankring for kvalitetsarbeidet blant studentane. Deltakinga sikrar også at studentane er involverte i vurderinga av informasjonen som fagskolen hentar inn, og at dei har ei sentral stemme når tiltak skal diskuterast og anbefalast. Vi vil råde fagskolen til i større grad å synleggjere den rolla studentrådet er tenkt å ha i kvalitetsarbeidet i sjølve systemskildringa. I kva grad studentrådet vil involvere seg ut over representasjon i kvalitetsgruppa, vil likevel i siste instans avgjerast av studentrådet.

Tilsette

Dei tilsette er representert i fagskolestyre og kvalitetsutviklingsgruppa. Fagskolen har ein lærar representert i kvalitetsutviklingsgruppa, og sikrar dermed involvering av tilsette i det mest sentrale forumet for kvalitetsarbeid. Vidare har fagskolen lagt opp til eit kontinuerleg kvalitetsarbeid med dei tilsette gjennom lærarmøte og teammøte.

I teammøta skal kvar enkelt student si faglege oppfølging diskuterast, og lærarane skal utveksle spesifikk kunnskap og pedagogiske erfaringar knytte til studentane. Det skal gjennomførast to teammøte per semester. Årsrapporten frå kvalitetsutviklingsgruppa viser til at teammøta har vurdert måloppnåing og studentprogresjon. Ut over dette er det ikkje

lagt ved dokumentasjon på teammøte, og heller ikkje eit tydeleg mandat for møta eller liknande. Det er derfor vanskeleg å vurdere i kva grad teammøta blir nytta til kvalitetsarbeid, og om dei først og fremst brukast til oppfølging av studentane. På same måte som med team-møta, er det noko uklart kva for rolle lærarmøte spelar i kvalitetsarbeidet. Ifølgje kvalitetssystemet skal lærarrådet vere skolens faglege forum gjennom året. Det skal gjennomførast to møte per semester. I desse møta skal både det kunstfaglege og det undervisingsfaglege tematiserast. Det er vist til i årsrapporten at lærarrådet har diskutert samsvar mellom modul- og semestervurderinga, men ut over dette er det ikkje dokumentert kva lærarmøta bidrar til i kvalitetsarbeidet.

Fagskolen har dokumentert at lærarane har eit møte med studentane for å diskutere tilbakemeldingar frå studentane, i tillegg til at lærarane gir eigne evalueringar av studiet. For fleire av kvalitetsområda skal tilbakemeldingane diskuterast mellom rektor og lærarane, blant anna på planleggingsdagane. Slike diskusjonar er per nå ikkje dokumenterte, men det kan ha samanheng med at systemet framleis er nytt, og at møta ikkje er gjennomførte enno.

Gjennom deltaking i arbeidet i kvalitetsutviklingsgruppa og deltaking i diskusjonar om kvalitetsarbeidet der rektor er til stades, meiner vi dei tilsette er tilstrekkeleg involverte i kvalitetsarbeidet. Fagskolen kan med fordel tydelegare dokumentere dei tilsette si involvering i kvalitetsarbeidet framover.

Mål

Fagskolen har ikkje tilstrekkelege mål for kvalitet i utdanninga. Sjå vurderinga av måla i vurderinga av fagskoletilsynsforskrifta § 4-2 i denne rapporten.

Innhenting av informasjon

Fagskolen har lagt fram dokumentasjon på innhenting av informasjon om kvaliteten i utdanninga frå studentar. Dokumentasjonen består av evalueringar frå 2020, referat frå møte og kvalitetsrapportar frå 2018 og 2019. Ifølgje kvalitetsutviklingssystemet skal studentane gi tilbakemelding på kvalitetsområda «læringsutbytte» og «studiemiljø ytre og indre faktorar». Det er positivt at studentane får gi konkrete tilbakemeldingar på korleis dei opplever undervisninga sett opp mot læringsutbyttet.

Studentane skal gi tilbakemeldingar på læringsutbyttet tre gongar per skoleår og på studiemiljøet ein gong per år. Fagskolen har lagt ved studentevaluering for både første og andre studieår frå juni 2020, og miljøevaluering for første studieår. Fagskolen har også lagt opp til at studentane skal diskutere sine og læraranes tilbakemeldingar i eit møte, og lagt ved referat frå dette møtet i september 2020. Vidare har fagskolen lagt ved årsrapport frå kvalitetsutviklingsgruppa, som viser at institusjonen har gjennomført studentevalueringar. Evalueringane samlar inn opplysingar som gir fagskolen god informasjon om studentane sine oppfatningar av kvaliteten i utdanninga, og det er positivt at fagskolen har lagt opp til at studentane kan vere med å diskutere tilbakemeldingane saman med lærarane.

Fagskolen har lagt fram dokumentasjon på innhenting av informasjon om kvaliteten i utdanninga frå tilsette. Dokumentasjonen består av ei lærarevaluering frå ulike modular, og

referat frå møtet mellom lærarar og studentar om studentanes tilbakemeldingar. Tilsette skal ifølgje kvalitetssystemet diskutere fleire av kvalitetsområda med rektor. Ikkje alle delar av kvalitetsarbeidet er gjennomførte etter det nye systemet enno, og derfor er ikkje alt dette dokumentert. Slik kvalitetssystemet er lagt opp vil fagskolen kunne innhente mykje god informasjon frå tilsette, både gjennom evalueringar og i diskusjonar og planlegging.

Fagskolen har lagt fram dokumentasjon på innhenting av informasjon om kvaliteten i utdanninga frå representantar frå yrkesfeltet. Dokumentasjonen består av ei samanstilling frå oktober 2020 av ei evaluering sendt ut til representantar frå yrkesfeltet. I evalueringa gjer yrkesfeltet ei vurdering av relevansen til læringsutbyteskildringane.

Fagskolen har også lagt fram dokumentasjon på at institusjonen hentar inn statistikk om studentane si gjennomføring av studiet. Det kjem fram i årsrapporten for 2019–2020. I tillegg hentar fagskolen inn tilbakemeldingar frå eksterne sensorar som arbeider ved andre kunstfagskolar. Fagskolen har dokumentert ei evaluering frå juni 2020 som viser at han nyttar eksterne sensorar i vurdering av studentane, og at eksterne sensorar gjer ei evaluering der dei blant anna vurderer det overordna faglege nivået til studentane ved fagskolen. I kvalitetsutviklingssystemet skriv fagskolen at evalueringa frå dei eksterne sensorane skal brukast til å vurdere om utdanninga ved fagskolen ligg på nivå 5.2 i det nasjonale kvalifikasjonsrammeverket.

I årsrapporten for 2019 kjem det fram at fagskolen bruker innhenta informasjon for å vurdere måla institusjonen har sett seg. Som nemnt er mange av måla til fagskolen formulert slik at dei ikkje er godt egna for å vurdere kvaliteten i utdanninga. Derfor kan vi ikkje i utgangspunktet vurdere om fagskolen si innhenting av informasjon er relevant for å kunne vurdere måla for utdanninga. Fagskolen har utvikla skjema som i stor grad vil kunne gi informasjon om kvaliteten i utdanninga. Informasjonen som blir henta inn, synest å vere relevant og dekkande for kvalitetsområda. Fagskolen har dermed eit godt fundament å byggje på for å fastsette mål for kvalitet i utdanninga. Institusjonen har gode prosedyrar for å hente inn informasjon frå dei ulike kjeldene, og prosedyrar på korleis informasjonen skal brukast, analyserast og følgast opp. Når fagskolen reviderer måla, er det viktig å sørge for at informasjonen fagskolen hentar inn, i tilstrekkeleg grad kan belyse måla for kvalitet.

Innhenting av resultat frå fagskolen sin internkontroll

Vi finner ikkje dokumentert at fagskolen systematisk har henta inn resultat frå fagskolens internkontroll for å vurdere om han har nådd måla for kvalitet i utdanninga. Vi finn heller ikkje rutinar for ei slik innhenting i kvalitetssystemet.

I årsrapporten for 2018 har fagskolen vist at den er medveten om regelverksendringar. Leiinga informerer styret om endringar i både fagskoletilsynsforskrifta og studiekvalitetsforskrifta, som tredde i kraft i 2018, og om korleis endringane har påverka fagskolen. I årsrapporten kjem det også fram at rektor på det tidspunktet var ansvarleg for at fagskolen overheldt lovar og reglar, medan kvalitetsutviklingsgruppa hadde eit operativt ansvar. Fagskolen har likevel ikkje vist ei systematisk innhenting. Det er uklart kven som har ansvaret i det nye kvalitetssystemet, kva for informasjon frå internkontrollen som skal

brukast til å vurdere måla, og korleis dette arbeidet skal gjerast. Fagskolen sjølv har berre gjort greie for arbeid med internkontroll innanfor helse, miljø og sikkerheit (HMS), og ikkje dokumentert internkontroll knytt til lovverket for fagskolar. Mangel på internkontroll er spegla i at fagskolen sitt kvalitetssystem ikkje er oppdatert etter gjeldande lovverk. Den nye fagskoletilsynsforskrifta blei vedtatt 23. april 2020 og tredde i kraft i august 2020. Fagskolen sitt kvalitetsutviklingssystem følgjer den gamle forskrifta, sjølv om det blei vedtatt i juni 2020, det vil seie etter at sektoren blei varsla om endringar i forskrifta. Fagskolen må oppdatere kvalitetsutviklingssystemet slik at det er i tråd med gjeldande regelverk.

Fagskolelova § 9 tredje avsnitt bokstav f pålegg fagskolar å ha internkontroll, som er definert som «systematiske kontrolltiltak», for å sikre at «virksomheten drives i samsvar med gjeldende lover og regler». Dette er rutinemessige kontrolltiltak for å sikre at fagskolen drives i samsvar med krav fastsette i eller i samsvar med lov. Vidare pålegg fagskoletilsynsforskrifta § 4-1 fagskolane å «systematisk innhente [...] resultater fra fagskolens internkontroll». I dette tilsynet kontrollerer vi berre kravet om å hente inn resultat frå internkontrollen, og ikkje om fagskolens internkontroll som heilskap oppfyller krava i lova. Likevel må fagskolen, for å oppfylle kravet i fagskoletilsynsforskrifta, etablere og sørge for å gjennomføre internkontroll, slik at fagskolen kan hente ut resultat frå denne kontrollen.

Fagskoletilsynsforskrifta § 4-1 tredje avsnitt bokstav b inneheld to overordna krav. For det første må fagskolen hente inn relevante resultat for måla fagskolen har sett for kvalitet i utdanninga, jamfør fagskoletilsynsforskrifta § 4-1 andre avsnitt. Her er det opp til fagskolen sitt skjønn å bestemme kva for resultat frå internkontrollen som er relevante for dei måla fagskolen har sett seg. For det andre må innhentinga skje «systematisk». I dette ligg det eit krav om regelmessig innhenting. I kvalitetssystemet må fagskolen ta stilling til kva som skal hentast inn frå internkontrollen for dei ulike måla, når innhentinga skal skje, kven som har ansvaret for innhentinga, og måten fagskolen går fram på for å sikre at resultatata inngår saman med dei andre informasjonskjeldene i vurderinga av om måla er oppnådde.

Fagskolen skal gjennom kvalitetsarbeidet kunne dokumentere at institusjonen har brukt resultat frå internkontrollen for å vurdere nokre av dei fastsette måla for kvalitet i utdanninga. Eit eksempel på innhenting av resultat frå internkontrollen kan vere at fagskolen hentar inn resultat frå internkontrollen med fagskoletilsynsforskrifta § 2-3 om fagmiljøet. Fagskolen bruker så resultat, saman med informasjon frå andre kjelder, til å vurdere om eigne mål om kompetanse i fagmiljøet er oppnådde. Eit anna eksempel kan vere at fagskolen hentar inn resultat frå internkontrollen med fagskoletilsynsforskrifta § 2-1 første avsnitt om samarbeid og yrkesrelevans i utdanninga. Fagskolen bruker så resultatata, saman med informasjon frå andre kjelder, til å vurdere om fagskolen har nådd sine eigne mål om yrkesrelevant fagskoleutdanning.

Rette opp sviktande kvalitet og vidareutvikle kvaliteten i utdanningane

Ålesund kunstfagskole har lagt fram kvalitetsrapportar som dokumentasjon på at fagskolen systematisk vurderer kvaliteten i utdanninga. Informasjon som har kome fram gjennom kvalitetsystemet, har vore nytta som grunnlag for vurderingane og for forslaga til tiltak.

Fagskolen har utarbeida eit nytt kvalitetsutviklingssystem som har vore gjeldande sidan juni 2020. Mange av dei grepa fagskolen har gjort i kvalitetsutviklingssystemet og i årsrapporten er gode. Fagskolen har ei tydeleg retning på kva institusjonen vil med utdanninga, og det er tydeleg kva som skal vurderast, kven som skal vurdere, og kva for vurderingar som er gjort. Informasjonen som blir henta inn, er relevant for kvalitetsområda. Endringane gjer at årsrapporten frå kvalitetsutviklingsgruppa for 2019 ser svært annleis ut enn rapporten for 2018. Årsrapporten for 2019–2020 er ryddigare og meir informativ, og det er eit godt samsvar mellom kvalitetsutviklingssystemet og årsrapporten frå kvalitetsutviklingsgruppa. Samstundes er rapporten for 2019–2020 også meir skjematisk, og han har ikkje like mange vurderingar og utgreiingar. Alle delane av kvalitetsutviklingssystemet kjem heller ikkje fram i årsrapporten. Vi antar at dette er fordi systemet er nytt, og at desse delane vil kome med i rapporten for 2020–2021.

Årsrapporten frå 2018 er meir informativ med tanke på krav, endringar i forskrifter, tilpassingar i kvalitetsutviklingssystemet, konklusjon om kvalitetstilstanden og kvalitetsutviklingsgruppa si vurdering av tilstanden ved utgangen av 2018. Rapporten for det nye kvalitetsutviklingssystemet kunne med fordel ha vore endå meir tydeleg på utgreiingar og analyse, på kva for tiltak fagskolen ønsker å iverksette, samt på regelverket. Rapporten frå 2019 er den første som er skriven etter modell frå det nye kvalitetsutviklingssystemet, og han viser ikkje til tidlegare tiltak fagskolen har gjort. Vi vil anbefale at dette får plass i framtidige årsrapportar, slik at det er lett å sjå korleis fagskolen arbeider med vidareutviklinga av utdanninga over tid. Vi ser likevel at fagskolen i den siste rapporten både angir tiltak for å utvikle utdanninga og tiltak som fagskolen alt har gjennomført det siste året. Tiltaka er knytte til vurderingar fagskolen har gjort ut frå innsamla informasjon. Eksempel på slike tiltak er tettare samarbeid mellom lærarar om teoriundervisninga og betre informasjon til søkjarar om kva studiet krev. I tillegg angir fagskolen at institusjonen allereie har gjennomført forbetringstiltak i vurderingsordninga si på bakgrunn av tilbakemeldingar undervegs i skoleåret.

Sjølv om det er tydeleg i årsrapporten at fagskolen vurderer kvaliteten i utdanninga og gjer tiltak på bakgrunn av vurderingane, må fagskolen knyte desse vurderingane tydelegare til mål som kan gi fagskolen ei betre retning for utviklinga av sjølve utdanninga. Fagskolen har heller ikkje gjort det tydeleg kva som skal reknast som sviktande kvalitet i utdanninga. Det er derfor vanskeleg å sjå kva fagskolen meiner vil vere sviktande kvalitet i utdanninga, og korleis institusjonen vil arbeide viss sviktande kvalitet vert avdekka.

Fagskolen må vurdere utdanninga si opp mot mål som kan bidra til at institusjonen kan vidareutvikle kvaliteten i si utdanning, og vurdere om han har sviktande kvalitet. Fagskolen har eit godt fundament å byggje på i det nye kvalitetsutviklingssystemet og i si noverande rapportering til styret.

Delkonklusjonar

Fagskolen sitt kvalitetsarbeid er forankra i styre og leiing ved institusjonen.

Fagskolen har dokumentert at tilsette og studentar, inkludert eventuelle studentorgan, er involverte i kvalitetsarbeidet.

Fagskolen har ikkje fastsett mål for kvaliteten i utdanninga.

Fagskolen har ikkje dokumentert at institusjonen for å vurdere om kvar enkelt utdanning når målet for kvalitet, systematisk hentar inn a) informasjon frå studentar, tilsette, representantar frå yrkesfeltet og andre relevante kjelder.

Fagskolen har ikkje dokumentert at institusjonen for å vurdere om kvar enkelt utdanning når målet for kvalitet, systematisk hentar inn b) resultat frå fagskolen sin internkontroll, jf. fagskolelova § 9 tredje ledd bokstav f.

Fagskolen har ikkje dokumentert at institusjonen bruker si vurdering av kvaliteten til å rette opp sviktande kvalitet.

Fagskolen har ikkje dokumentert at institusjonen bruker si vurdering til å vidareutvikle kvaliteten i utdanninga.

Konklusjon

Alle krava i fagskoletilsynsforskrifta § 4-2 og § 4-1 er ikkje oppfylte ved Ålesund kunstfagskole.

§ 4-2. Fagskolens system for kvalitetssikring

Fagskolen si skildring av systemet for kvalitetssikring viser ikkje måla for kvalitetsarbeidet.

Fagskolen si skildring av systemet for kvalitetssikring viser ikkje korleis arbeidet skal gjennomførast.

§ 4-1. Fagskolens systematiske kvalitetsarbeid

Fagskolen har ikkje fastsett mål for kvaliteten i utdanninga.

Fagskolen har ikkje dokumentert at institusjonen for å vurdere om kvar enkelt utdanning når målet for kvalitet, systematisk hentar inn a) informasjon frå studentar, tilsette, representantar frå yrkesfeltet og andre relevante kjelder.

Fagskolen har ikkje dokumentert at institusjonen for å vurdere om kvar enkelt utdanning når målet for kvalitet, systematisk hentar inn b) resultat frå fagskolen sin internkontroll, jf. fagskolelova § 9 tredje ledd bokstav f.

Fagskolen har ikkje dokumentert at institusjonen bruker si vurdering til å vidareutvikle kvaliteten i utdanninga.

4.3 Vurdering av tilleggskrava

Fagskoleloven § 14 a. Studentombod første avsnitt

§ 14 a. Styret skal sørge for at alle fagskolestudenter har tilgang til et studentombud.

Ålesund kunstfagskole har dokumentert ein avtale om studentombod med Forum for kunstfaglig utdanning, og at alle studentane ved fagskolen har tilgang til eit studentombod.

Fagskoleloven § 21 Avsluttende vurdering, eksamen og sensur første avsnitt, siste setning

§ 21 Det skal være en ekstern evaluering av vurderingen eller vurderingsordningene.

I eksamensreglementet til Ålesund kunstfagskole er det fastlagt at det skal vere ekstern sensor på eksamen. Fagskolen har dokumentert at institusjonen bruker ekstern sensor i vurderingane, og at han innhentar evaluering frå ekstern sensor om opplegget rundt eksamen og studentanes faglege nivå. Ålesund kunstfagskole har dermed dokumentert at institusjonen har ein ekstern evaluering av vurderinga.

Konklusjon

Fagskolen har dokumentert at fagskolestudentane har tilgang til eit studentombod, og at fagskolen har ei ekstern evaluering av vurderinga eller vurderingsordninga.

4.4 Vedtak etter første vurdering

Ålesund kunstfagskole oppfyller ikkje alle krava til systematisk kvalitetsarbeid i regelverket. Fagskolen må rette opp manglane i samsvar med krava i fagskoletilsynsforskrifta §§ 4-1 og 4-2 første avsnitt.

Frist for oppretting vart sett til 15. september 2022.

Vedtaket er fatta med heimel i

- lov om høyere yrkesfaglig utdanning (fagskolelova) § 5 (1)
- forskrift om høyere yrkesfaglig utdanning (fagskoleforskrifta) § 49 (4)

5 Vurdering og konklusjon etter oppretting

5.1 Om opprettinga

I tilsynet med kvalitetsarbeidet ved Ytre kunstfagskole fatta NOKUT 15. september 2021 vedtak om at fagskolen hadde manglar i kvalitetsarbeidet. Fagskolen fekk frist på eitt år til å dokumentere at dei påpeikte manglane i fagskoletilsynsforskrifta §§ 4-1 og 4-2 vart retta opp.

Etter vedtaket om oppretting har NOKUT sett i gang eit arbeid med å greie ut ordlyden i § 4-1 tredje ledd bokstav b, og derfor er dette kravet teke ut av tilsynet. Ytre kunstfagskole skal derfor i opprettinga berre dokumentere at fagskolen har retta opp dei påpeikte manglane i fagskoletilsynsforskrifta §§ 4-1 andre ledd og 4-2 første ledd:

§ 4-1. Fagskolens systematiske kvalitetsarbeid:

Fagskolen skal fastsette mål for kvaliteten i utdanningene.

For å vurdere om hver enkelt utdanning når målet for kvalitet, skal fagskolen systematisk innhente

a. Informasjon fra studenter, ansatte, representanter fra yrkesfeltet og eventuelt andre relevante kilder.

Fagskolen skal bruke sin vurdering av kvaliteten til å rette opp sviktende kvalitet og videreutvikle kvaliteten i utdanningene.

§ 4-2. Fagskolens system for kvalitetssikring:

Systemet for kvalitetssikring er fagskolens verktøy for å gjennomføre kvalitetsarbeidet, jf. fagskoleforskriften § 49. Fagskolens beskrivelse av systemet for kvalitetssikring skal vise målene for kvalitetsarbeidet, [og] hvordan arbeidet skal gjennomføres.

Ytre kunstfagskole sende 12. september 2022 inn ny dokumentasjon til NOKUT.

5.2 Vurdering og konklusjon

§ 4-2 Fagskolen sitt system for kvalitetssikring

I den første vurderinga var NOKUT si vurdering at Ytre kunstfagskole ikkje hadde tilstrekkelege mål for kvalitet i utdanninga, fordi fagskolen sine mål for kvalitet i for liten grad retta seg mot kvaliteten i sjølve utdanninga. Etter opprettinga har fagskolen revidert sitt kvalitetssystem og definert tydelege mål for ulike hovudområde i kvalitetssystemet, og vidare fastsett eit eller fleire konkrete mål under kvart overordna mål. Fagskolen har også definert tiltak som skal settast inn dersom måla ikkje blir nådd.

Den reviderte systemskildringa *System for kvalitetsarbeid ved Ytre kunstfagskole* blei godkjent av fagskolens styre 15. september 2021 og inneheld følgjande kapittel:

- 1) Kort skildring av kvalitetsarbeid ved Ytre kunstfagskole
- 2) Oversikt over krav til kvalitetssikringssystem
- 3) Ansvar og rutinar
- 4) Skildring av seks områder for systematisk innhenting av informasjon
- 5) Statistikk og refleksjon

Som vedlegg til systemskildringa er følgjande malar:

- mal for studentevaluering med kommentar frå lærarane, rektor og KSG
- mal for studiemiljøkartlegging med kommentarar frå lærarane, rektor og KSG
- mal for sensorrapport
- mal for spørjeskjema til aktørar i relevant yrkesfelt
- læringsutbytte for visuelle kunstfag nivå 5.2

Ytre kunstfagskole har i kapittel 4) *Skildring av seks områder for systematisk innhenting av dokumentasjon* gjort greie for overordna mål med tilhøyrande kvantitative mål for kvalitet i utdanninga. I fagskolen si revidering av systemet er området HMS teke ut av kvalitetsarbeidet, slik at fagskolen no har følgjande område for systematisk innhenting av informasjon og vurdering av kvalitet:

1. læringsutbytte/læringsmål
2. studiemiljøets ytre og indre faktorar
3. gjennomføring av studiet
4. fagleg nivå på undervising og studentprestasjonar
5. utdanninga sin relevans
6. Internkontroll

1. Læringsutbytte/læringsmål og studiemiljø

For kvalitetsområdet *læringsutbytte/læringsmål* er det overordna målet at «Studentane skal oppleve at dei får det læringsutbyttet som er definert i studieplanen». For kvalitetsområdet studiemiljø er det overordna målet at «Studentane skal oppleve at kvaliteten i utdanninga er god og at studiemiljøet og fasilitetane skaper gode rammer rundt dei.»

Det går fram av systemskildringa at studentane skal evaluere læringsutbyttet tre gonger i året, og at resultatane skal oppsummerast i malen for studentevaluering. Studentane gjennomfører også ei skriftleg undersøking om studiemiljøet ein gong i året, og resultatane skal oppsummerast i malen for studiemiljøkartlegging. For begge desse kvalitetsområda er det sett som mål for kvalitetsarbeidet at minst 80 prosent av studentane deltek i spørjeundersøkingane. Målet for kvalitet er at snittet på skår i dei spørsmåla studentane skal svare på, er 7 eller høgre. Dersom snittet er lågare enn 7, skal fagskolen analysere årsaka og vurdere tiltak for å forbetre resultatet.

Det går fram av systemskildringa at lærarane skal gjennomgå studentane sine tilbakemeldingar rett etter at studentane har kome med sine evalueringar. Kommenterar frå lærarane blir også oppsummerte i malen for studentevalueringar, og resultatane frå evalueringane er tema når lærarane skal gjennomføre dialog med studentane om undervisninga. Vidare skal studentane sine tilbakemeldingar vere eit fast diskusjonspunkt for lærarane i juni og august, slik at dei kan justere undervisninga i lys av desse.

Etter at lærarane har kommentert studentevalueringane, skal rektor vurdere tilbakemeldingane før det rapporterast til kvalitetsutviklingsgruppa. Også rektor og kvalitetsutviklingsgruppa skal skrive sine vurderingar i malane for studentevaluering og studiemiljøkartlegging. Malane blir brukte i rapporten for kvalitet, som blir handsama av styret i september.

2. Gjennomføring av studiet

Det overordna målet for kvalitetsområdet *gjennomføring* er at «Studentane når sitt utdanningsmål og har eit godt utgangspunkt for eigen yrkespraksis». Innanfor dette kvalitetsområdet har fagskolen sett som mål for kvalitet at 100 prosent av studentane fullfører alle fire semester og eksamen. Når det ligg føre statistikk frå DBH om gjennomføring, skal rektor saman med lærarane gjere ei analyse av studieløpet for dei studentane som ikkje fullfører.

3. Fagleg nivå og studentprestasjonar

Dette kvalitetsområdet er todelt. Lærarane skal vurdere fagleg nivå, medan sensorane skal vurdere studentprestasjonar. Sensorane skal også vurdere fagskolen sitt system og tilrettelegging for studentane.

Det overordna målet for kvalitetsområdet *fagleg nivå* er at «studentane uteksaminerast med god fagleg kompetanse». Fagskolen har sett som kvantitative kvalitetsmål at minimum 80 prosent av studentane skal ligge på middels eller høg måloppnåing når lærarane vurderer deira prestasjonar etter kvar modul, og at snittkarakteren er på C eller høgare ved semestervurderinga. Lærarane skal også vurdere si eiga undervisning ved slutten av skoleåret. Sviktande måloppnåing krev analyse og forslag om tiltak frå lærarane si side. Lærarane skal justere undervisninga og gjennomføre ein dialog med studentane om læring.

Det overordna målet for kvalitetsområdet *studentpresentasjonar* er at «Skolens undervisning og krav stilt til studentane ligg på nivå 5.2 i Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk». Det kvantitative målet er eit snitt på 8 eller høgare på sensorane si vurdering av spørsmål knytte til fagskolens system og tilrettelegging. For vurderinga av studentane sitt faglege nivå er målet eit snitt på 7 eller høgare. Sensorane skal i ein mal svare på tre spørsmål knytte til kvart av dei to kvalitetsmåla. Dersom sensorane si gjennomsnittlege vurdering gir eit resultat som er under terskelverdiane, krev det analyse og eventuelle tiltak. Rektor og lærarane skal analysere tilbakemeldingane frå sensor, og analyseresultatane går vidare til kvalitetsutviklingsgruppa og kvalitetsrapporten.

4. Relevans

Det overordna målet for *utdanninga sin relevans* er at «Utdanninga studentane får er yrkesnær og tidsaktuell». Det kvantitative målet er at snittet på tilbakemeldingane frå yrkesfeltet skal vere over 4. Dersom snittet er 4 eller betre, blir det ingen tiltak. Dersom snittet er på 3, blir det gjort ei vurdering. Eit snitt på 2 eller 1 resulterer i analyse og vurdering.

Tidlegare studentar som no er i yrkesfeltet, gir sine tilbakemeldingar munnleg gjennom plenumssamtalar, og det som kjem fram, blir referert i ein mal for diskusjon med yrkeslivet. Fagskolen sender også ut ei skriftleg spørjeundersøking til personar som arbeider med biletkunst og kunsthandverk. Når resultatane er oppsummerte i *Mal spørjeskjema til aktørar i relevant yrkesfelt*, gir både lærarar, rektor og kvalitetsutviklingsgruppa sine kommentarar i den same malen.

Den informasjonsinnhentinga som blir gjort greie for i systemskildringa, skal gi grunnlag for Ytre kunstfagskole si vurdering av om fagskolen har nådd sine mål for kvalitet i utdanninga, og om det er naudsynt å setje i gang tiltak for å rette opp sviktande kvalitet. Informasjonen er også, saman med den statistikken som er lista opp under statistikk og refleksjon i systemskildringa, grunnlag for den årlege rapporten om kvalitet som fagskolen gjennom kvalitetsutviklingsgruppa legg fram for styret.

Samla vurdering av måla for kvalitet i utdanninga

NOKUT si vurdering er at Ytre kunstfagskole etter opprettinga har sett mål for kvalitet i utdanninga som til saman er dekkande for område av vesentleg betydning for kvaliteten i utdanninga, og som er egna til å belyse kvaliteten og relevansen i sjølve utdanninga, og ikkje berre kvaliteten i prosessane. Bruken av underordna mål under kvart overordna mål, saman med definerte tiltak som skal settast inn om måla ikkje blir nådd, viser tydelegare kva fagskolen legg i sviktande kvalitet. Fagskolen dokumenterer vidare at den informasjonen han hentar inn gjennom kvalitetsarbeidet, er egna til å vurdere fagskolen sine mål for kvalitet.

§ 4-1 Fagskolen sitt systematiske kvalitetsarbeid

Mål og informasjonsinnhenting

I første runde var NOKUT sin konklusjon at vi ikkje kunne vurdere om fagskolen sin innhenting av informasjon var relevant for å belyse måla for kvalitet, sidan fagskolen ikkje hadde tilstrekkelege mål for kvalitet i utdanninga. Ytre kunstfagskole har no sett mål som er relevante for kvaliteten i sjølve utdanninga, og vi kan derfor vurdere om informasjonen fagskolen hentar inn gjennom kvalitetsarbeidet er egna til å belyse måla for kvalitet.

Dei måla som Ytre kunstfagskole har gjort greie for i systemskildringa, er knytt til fagskolen sine definerte område for systematisk innhenting av informasjon og vurdering av kvalitet, og for kvart av områda har fagskolen dokumentert at den har innhenta informasjon frå relevante kjelder. For dei ulike områda har fagskolen dokumentert følgjande:

1. Læringsutbytte/læringsmål

Gjennom dokumentet «Studentevaluering nr. 3 for 1. klasse» har fagskolen vist at innhenting av informasjon frå studentane om kvaliteten i utdanninga er i tråd med det som er gjort greie for i systemskildringa.

Dokumentet viser også lærarane si vurdering av det som kjem fram i tilbakemeldingane frå studentane. Det går fram at lærarane kjem med grundige refleksjonar kring både kurs som har fått skår som ligg under kritisk nivå, og dei kursa som får gode tilbakemeldingar. Fagskolen dokumenterer at rektor kjem med si analyse av studentane og lærarane sine tilbakemeldingar før vurderingane går vidare til kvalitetsutviklingsgruppa.

2. Studiemiljø

Ytre kunstfagskole har i dokumentet «Studiemiljøkartlegging for 1. klasse» vist at fagskolen har gjennomført skriftlege evalueringar av studiemiljøet. Det går fram i dokumentasjonen at rektor samanliknar resultata med tilsvarende undersøkingar dei to siste åra. Det kjem fram at for nokre av spørsmåla ligg snittet på studentane sine tilbakemeldingar noko under 7, som er den kritiske verdien. Desse spørsmåla vil bli analyserte av lærarane saman med dagleg leiar.

3. Gjennomføring

Det går fram av kvalitetsrapporten frå kvalitetsutviklingsgruppa at fråfallet blant studentane ligg godt under det ambisiøse målet om 100 prosent gjennomføring. Vidare går det fram at fagskolen meiner den har god oversikt over studentane og informasjon om kvifor dei som sluttar, ikkje fullfører studieløpet. Kvalitetsutviklingsgruppa skriv at målet med 100 prosent gjennomføring er urealistisk. Fagskolen si vurdering er at dei avbrotne studieløpa har forklaringar som ikkje er studie- eller studiemiljørelatert, slik at det ikkje er relevant å sette inn ekstraordinære tiltak ut over det fagskolen gjer per i dag.

4. Fagleg nivå på undervisning og studentprestasjonar

Ytre kunstfagskole har dokumentert at lærarane har gjort ei analyse av studentane si måloppnåing. Analysen viser at nivået ligg innanfor det definerte målet, men at det i eitt emne er fleire studentar som ikkje har bestått arbeidskrava.

Fagskolen har også dokumentert at sensor har vurdert studentpresentasjonar, og at vurderingane viser høg måloppnåing både for fagskolen sitt system og tilrettelegging og for studentane sitt faglege nivå.

5. Utdanninga sin relevans

Ytre kunstfagskole har dokumentert at han hentar inn informasjon om kvaliteten i utdanninga frå representantar i yrkesfeltet. Dokumentasjonen består av ei oppsummering av ei relevansundersøking blant aktørar i yrkesfeltet med kommentarar frå lærarane, rektor og kvalitetsutviklingsgruppa, og ei oppsummering av ein diskusjon med fem aktørar i yrkesfeltet som fant stad 28. oktober 2021. Tilbakemeldingane frå representantane i yrkesfeltet har ein skår som ligg godt over kritisk verdi, slik at det ikkje er krav om ytterlegare analyse.

Samla vurdering av mål og informasjonsinnhenting

NOKUT si vurdering er at Ytre kunstfagskole har dokumentert at han systematisk samlar inn informasjon frå studentar, tilsette, representantar i yrkesfeltet og andre relevante aktørar. Informasjonen som hentast inn, er relevant for å belyse måla for kvalitet og blir nytta til å vurdere om utdanninga når dei måla fagskolen har sett for kvalitet innanfor fagskolen sine ulike kvalitetsområde.

Rette opp sviktande kvalitet og vidareutvikling av kvalitet

I første runde var NOKUT si vurdering at sidan måla ikkje tydeleg uttrykte kva fagskolen la i kvalitet, kunne vi ikkje sjå at fagskolen nytta si vurdering av om utdanninga når måla for kvalitet til å vidareutvikle kvaliteten og rette opp eventuell svikt i kvaliteten. Fagskolen har no formulert egna og relevante mål for utdanningas kvalitet, og måla ligg til grunn for fagskolen sitt arbeid med å vidareutvikle og forbetre kvaliteten.

Ytre kunstfagskole dokumenterer at han systematisk vurderer kvaliteten i utdanninga opp mot sine fastsette mål for kvalitet, på bakgrunn av vurderingar som er henta inn frå studentar, lærarar, sensorar og representantar i yrkesfeltet. Lærarane vurderer tilbakemeldingar frå studentar og yrkesfeltet. Både rektor og kvalitetsutviklingsgruppa kjem deretter med sine vurderingar og set i gong tiltak dersom det trengst. Døme på tiltak som fagskolen har sett i gong eller foreslått å sette i gong, er å endre rekkjefølga på modular i studieløpet, å gje tilbod om kurs i studieteknikk frå samskipnaden og at lærarane skal informere godt i starten av kvart semester om arbeidskrav og konsekvensar av ikkje å gjennomføre arbeidskrava. Fagskolen har dokumentert at vurderingane inngår i kvalitetsutviklingsgruppa sin kvalitetsrapport for 2021–2022, som vart godkjent 3. august 2022. Rapporten blei lagt fram for fagskolens styre i september 2022.

NOKUT si vurdering er at Ytre kunstfagskole etter oppretting dokumenterer at fagskolen bruker den informasjonen han hentar inn gjennom kvalitetsarbeidet til å vurdere, vidareutvikle og forbetre utdanningane.

Konklusjon

Ytre kunstfagskole har dokumentert at fagskolen oppfyller dei vurderte krava til fagskolen sitt kvalitetsarbeid i fagskoletilsynsforskrifta §§ 4-1 og 4-2.

5.3 Endeleg vedtak

Ytre kunstfagskole oppfyller dei vurderte krava til systematisk kvalitetsarbeid i fagskoletilsynsforskrifta §§ 4-1 og 4-2. NOKUT avsluttar tilsynet med fagskolen sitt systematiske kvalitetsarbeid.

Vedtaket er fatta med heimel i

- lov om høgere yrkesfaglig utdanning (fagskolelova) § 5 (1)
- forskrift om høgere yrkesfaglig utdanning (fagskoleforskrifta) § 49 (4)

5.4 Klagerett

Denne tilsynsrapporten er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 (1) b). Fagskolen kan klage på enkeltvedtaket innan tre veker frå han har teke imot denne rapporten, jf. forvaltningslova §§ 28 og 29. Klagen bør grunngjevast.

Ein eventuell klage skal sendast på e-post til NOKUT sitt postmottak (postmottak@nokut.no), med saksnummer som referanse.

NOKUT har høve til å gjere om vedtaket. Dersom NOKUT ikkje finner grunn til å gjere om vedtaket, skal klagen sendast vidare til Klagenemda for fagskoleutdanning. I forvaltningslova § 32 kan de sjå korleis ein klage skal utformast.

Fagskolen kan be om at NOKUT ikkje set i verk vedtaket før klagefristen er ute eller klagen er endeleg avgjort av Klagenemda, jf. forvaltningslova § 42.

Som part i saka har fagskolen rett til innsyn i alle dokument i saka, jf. forvaltningslova § 18.

6 Vedlegg

6.1 Fagskolen si uttale til NOKUT si første vurdering



Uttale etter tilsyn 2021

Ålesund 18.08.2021

Til NOKUT

Ved sakshandsamar Ane Benedicte Lillehammer

Uttale frå Ålesund kunstfagskole (ÅKS)

Innstillinga frå NOKUT for tilsynet med kvalitetsarbeidet, datert 25.06.2021 konkluderer med at mykje er bra med det systematiske kvalitetsarbeidet med Ålesund Kunstfagskole men påpeiker to sentrale manglar:

1. Skolen har ikkje tilstrekkelege mål for kvaliteten i utdanninga.
2. Skolen viser ikkje at han i kvalitetsarbeidet hentar inn resultat frå internkontrollen.

Desse to manglane er jf. kap 3.1 i rapporten av ein slik art at dei vert utslagsgivande for konklusjonen i rapporten (s.20).

Når det gjeld mangel nr 2 *internkontrollen* så er ÅKS heilt samd med NOKUT i konklusjonen og vi vil så snart som mogleg (september- oktober 2021) få dette på plass.

Når det gjeld mangel nr 1 *tilstrekkelege mål* så ser vi absolutt av våre mål har forbedringspotensiale og vi vil ta grep om desse i løpet av hausten 2021. Men vi ynskjer å framheve at det er vi som fagpersonar som må definere både kva som er kvalitet i vår utdanning og kva som vil vere eit godt system for å måle kvaliteten i utdanninga. No slår NOKUT fast, fleire stader i rapporten av ÅKS har utvikla eit godt system for å vurdere kvalitet i utdanninga, men at måla våre altså ikkje er eigna. Med fagpersonar meiner vi her både fagleg leiing ved skulen og lærarane våre som alle er yrkesaktive kunstnarar som har førstehandskunnskap om dei kompetansekrav som er i fagfeltet. Vi forstår at kvalitet også handlar om måten skulen blir driven på, men etter vårt syn er heile vårt formål å utdanne personar med yrkesrelevant kompetanse. Då må nødvendigvis kvaliteten i utdanninga vere knytt til læringsutbyttet og relevansen i denne.

ÅKS har i vårt systematiske arbeid med kvalitet hatt som mål å innhente mest mogleg konkret kunnskap som vi kan anvende for å oppdage det som fungerer mindre godt, og vite kor vi treng å gjere endringar. Vi hentar kort sagt svært mykje informasjon ut av heile systemet vårt og opplever at kvalitetsutviklingssystemet er ein god resurs for oss i vårt arbeid.

Når vi les fagskoletilsynsforskrifta så kan vi heller ikkje sjå der at det er spesifiserte krav til korleis måla skal vere utforma. I forskriftsteksten er også dette heilt ope. Det einaste som står er at skolen skal *fastsette mål.... systematisk innhente informasjon... og bruke sin vurdering av kvaliteten for å rette opp sviktende kvalitet* (utdrag frå fagskoletilsynsforskrifta kapittel 4, § 4 – 1). Så når NOKUT melder at våre definerte mål ikkje er gode nok så lyttar vi til det og vil arbeide for å lage betre mål. Men vi meiner det blir heilt feil når NOKUT seier at fordi våre mål ikkje er gode nok så «tel» ikkje vår dokumentasjon på at vi systematisk



Uttale etter tilsyn 2021

innhentar informasjon frå studentar, tilsette og representantar frå yrkesfeltet. Heller ikkje tel vår dokumentering av at vi brukar vår vurdering av kvaliteten til å rette opp sviktande kvalitet, eller at vi brukar vurderinga til å vidareutvikle kvaliteten i utdanninga (Jf. rapportens konklusjon s. 20). Men desse momenta her er jo sjølve kjernen i vårt kvalitetssystem. Altså; systematisk innhenting av informasjon, vurdering av informasjon for å rette opp kvalitet, og bruk av informasjonen for å rette opp sviktande kvalitet. Det er dette vi driv med i vårt kvalitetsarbeid.

Vi les også fleire stader i innstillinga at NOKUT konstanterer at vi *har lagt fram dokumentasjon på informasjon om kvaliteten i utdanninga frå studentar* (jf. innstillinga s 16. Mål). *Fagskolen har lagt fram dokumentasjon på informasjon om kvaliteten i utdanninga frå tilsette* (jf. innstillinga s 17. Mål). *Fagskolen har lagt fram dokumentasjon på informasjon om kvaliteten i utdanninga frå representantar frå yrkesfeltet* (jf. innstillinga s 17. Mål). I same kapitlet står det også: *Institusjonen har gode prosedyrar for å hente inn informasjon frå dei ulike kjeldene, og prosedyrar på korleis informasjonen skal brukast, analyserast og følgjast opp.*

ÅKS har sett mål som vi meiner er relevante for å vurdere kvaliteten i utdanninga. I rapporten vert det påpeika at vårt mål om at 100% av studentane gjennomfører studiet er eit godt og konkret mål. Men eit slikt mål gir oss ingenting å jobbe vidare med. Vi har vore mindre opptatt av andre sin definisjon på gode mål og meir opptatt av det vi meiner er relevante mål for vår skule og vår utdanning. For oss er det viktig at vi heile vegen har eit kritisk blick på utdanninga vi gir fordi vi ynskjer ein så høg kvalitet i utdanninga som er mogleg for oss å oppnå. Dette gjeld både system, alle sider ved drift, og det gjeld i høgste grad også det kunstfaglege nivået. Vi representerer eit fagfelt (visuell kunst) og vår sterkaste motivasjon er at utdanninga vi gir møter dei faglege standarane innan feltet. Dette er vår sterkaste drivkraft innan kvalitetsutviklingsarbeidet og desse måla kan ikkje talfestas.

Vi kan heller ikkje sjå at verken fagskoletilsynsforskrifta kapittel 4, eller fagskolelova kapittel 3 kjem med føringar eller definisjon på korleis ein institusjon skal definere sine mål. Og med ein så open ordlyd i lova har ÅKS eit sterkt ynskje om å definere mål som er relevante for kvaliteten i vår utdanning.

Skolen vil arbeide vidare med definisjonen på mål, fastsetting av mål og tydeleggjering av korleis ein vurderer om mål er nådde eller ikkje. Vi har likevel eit sterkt ynskje om at desse måla skal vere relevante for å måle kvaliteten i den utdanninga vi driv med, og at kunnskapen vi innhentar av ein slik art at vi kan bruke det for å utvikle kvalitet vidare.

Vi vil avslutte med at til tross for divergerande syn på omgrepet mål så ser ÅKS på tilsynet frå NOKUT som ein resurs for arbeidet vårt og vi vil ta til oss tilrådingar, refleksjonar og innspel i dokumentet.

Med helsing

Trine Røssevold
rektor



DRAMMENSVEIEN 288 | POSTBOKS 578,1327 LYSAKER | T: 21 02 18 00 | [NOKUT.NO](https://www.nokut.no)